



**Fyresdal kommune**  
**Sektor for kultur og oppvekst**

Barne, Likestillings- og inkluderingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep  
0030 OSLO

Att.: Kirsten Helene Teige

Dykkar ref:	Vår ref:	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	2012/13-10	Hilde Martini Momrak,35067129 hilde.momrak@fyresdal.kommune.no	033	13.03.2012

## Høyringsuttale NOU 2011:20 Ungdom, makt og medverknad

Fyresdal Ungdomsråd har i møte 14.03.2011 vedtatt og kome med høyringsuttale til NOU 2011:20. Fyresdal ungdomsråd valde å dele inn høyringsuttala i kapittel og fordele desse mellom medlemene. Sekretæren for utvalet har lest heile og samanfattar høyringsuttala. Ein vil prøve å kommentere kapittel for kapittel.

Aller fyrst vil ein streke under at eit slikt høyringsdokument på 120 sider, i utgangspunktet er alt for tung, kjedeleg og ganske uinteressant lesing for ungdom. Dette til trass sakene for at temaene som takast opp til drøfting er viktig for ungdom. Fyresdal Ungdomsråd hadde eit ynskje om at dei ville lese heile dokumentet før ein skreiv ein høyringsuttale. Slik blei det ikkje, og heile ungdomsrådet strekar under viktigheten av å lage enkel og grei ungdomsinformasjon, dersom offentlege instansar ynskjer å få innspel frå ungdom. Syner til kapittel 5, boks 5.1 seiste avsnitt.

### **Kapittel 3 Skulens demokratioppdrag:**

Ungdomsrådet er glad for at utvalet vil styrke demokratiopplæringa i skulen med eit demokratifag, obligatoriske skuleval i vidaregåande skule, og friviljug skuleval i ungdomsskulen. Det er viktig at det gjeninnførast klasseråd, og ikkje minst at dei som skal jobbe med desse faga i skulen får god opplæring, slik at vi unngår såkalla skinndemokrati. Dette med fråvers dagar, spesielt i vidaregåande skule, er og bra.

### **Kapittel 4 Organisasjonskanalen**

Ungdomsrådet stør utvalets framlegg til tiltak

### **Kapittel 5 Myndighetsinitierte ordningar for medverknad**

Kommunale ungdomsråd:

Fyresdal ungdomsråd meiner heilt klart at Ungdomsrådet har reell politisk makt. Kva slags saker som ungdomsrådet tar fatt i, vil sjølvstvarierte, og vere avhengig av kva slags engasjement og interesse dei einskilde medlemene har. I Fyresdal har vi hatt saker til handsaming som har havna til vidare handsaming hos statsråd og departement.

Fyresdal Ungdomsråd er heilt klar på at det er naudsynt med ein sekretær som har tid å bruke på ungdomsrådet, og ein politisk vilje til å ha eit ungdomsråd.

#### Regionale og nasjonale ungdomsråd:

Ungdomsrådet meiner det er positivt å etablere regionale og nasjonale ungdomsråd, og ser at utvalet ikkje er enige i dette. Argumentasjonen imot er at det vil etablerast elitepolitikarar, og at det vil vere for ressurskrevjande for ungdom. Ungdomsrådet ser klart dette, men stiller spørsmålsteikn med kvifor det må vere gjennomgåande representasjon frå kommunalt til nasjonalt nivå, når det ikkje er det i den "vaksne politikken". Nokon meiner det kan vere stimulerande og motiverande og jobbe med ungdomsrådssaker på regionalt og nasjonalt nivå.

Ein stør utvalet sin tilråding om ekspertgruppemøter.

**Ein stør utvalet sin tilråding om ungdomsvennlege versjonar av viktige dokumenter.**

**Dette er heilt avgjerande for å greie å engasjere ungdom.**

#### **Kapittel 6 Valkanalen**

Fyresdal Ungdomsråd stør utvalets framlegg til tiltak strek ein.

Når det gjeld stemmerettsalder, meiner ungdomsrådet i Fyresdal at den bør vere 18 år på alle nivå, dersom den skal senkast er det i så fall ved lokalval.

#### **Kapittel 7 Digitalt medborgarskap**

Digitale media synes i større grad å vere meir uforpliktande som sosialemedier, og det med digital medborgarkompetanse er viktig.

Ein stør utvalets framlegg til tilak

#### **Kapittel 8 Personvern i nye medier**

Det er skremmande lesing at forskning avdekkjar liten kunnskap om personvern blant brukarane, og kor målretta næringslivet brukar desse mediene for å sele sine produkt.

Ungdomsrådet stør utvalets framlegg til tiltak.

Med venleg helsing

Fyresdal Ungdomsråd

Eirik Aas Levang

Leiar

Hilde Martini Mornrak

sekr. For ungdomsrådet